



Møteprotokoll

Utval:	Rådet for personar med funksjonsnedsetting
Møtestad:	Rådhuset, formannskapssalen/servicetorget
Dato:	08.06.2026
Tid:	kl 13:00 - 16:10

Faste medlemmer som møtte:

Namn:	Funksjon:	Representerer:
Audun Gautvik	Utvalsleiar	BO
Johanne Marie Lade	Medlem	AP
Per Blakstad	Medlem	KRF

Forfall:	Parti	Varamedlem	Parti
Marianne Holmen	BO	Anne Turid Angell Vikstad	BO
Alexander Sandnes	H	Cecilie Naustenget	FRP

Andre som møtte:

Torbjørn Emblem	Kommunedirektør
Henning Leiv Pilskog	Kommunalsjef helse
Kjetil Solem	Rådgjevar oppvekst
Linda Nilsen Hovland	Kommunalsjef oppvekst
Ronny Utgård	Eigedomssjef
Søgni Grøndal	Fagkonsulent i velferdsteknologi
Berit Flaten	Møtesekretær

Sakliste

Sak nr	Sakstittel
PS-07/26	Godkjenning av innkalling og sakliste
PS-08/26	Godkjenning av protokoll frå forrige møte
PS-09/26	Referatsaker
RS-09/26	Årsmelding 2025 - Sykkylven kommune
RS-10/26	Informasjon om status innan helseområde - tenester og bygg pr mai 2026
RS-11/26	Opplæring og bruk av tegnspråk i omsorgstenesta
RS-12/26	Orientering om velferdsteknologi
PS-10/26	Tilstandsrapport for grunnskulen 2025/2026
SP-02/26	Spørsmål til administrasjonen
PS-11/26	Opplæring og bruk av tegnspråk i omsorgstenesta

07/26 Godkjenning av innkalling og sakliste

08.06.2026 Rådet for personar med funksjonsnedsetting

Behandling

Forespørsel fra Norsk Døveforbund og Nyss som vil ha en uttale fra rådet gjør at vi må endre en referatsak RS 11/26 til politisk sak, foreslått av Audun Gautvik , Brukarorganisasjon

Innkalling og sakliste vert godkjent med denne endringen RS 11/26 Opplæring og bruk av tegnspråk i omsorgstenesta blir endret til politisk sak.

Forslaget frå Audun Gautvik vart samrøystes vedteke.

FUNKS - 07/26 Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent slik dei ligg føre, med ovannemnde merknad.

08/26 Godkjenning av protokoll frå forrige møte

08.06.2026 Rådet for personar med funksjonsnedsetting

Behandling

Det var ingen merknader til protokollen.

FUNKS - 08/26 Vedtak:

Protokoll frå forrige møte vert godkjent slik den ligg føre.

09/26 Referatsaker

08.06.2026 Rådet for personar med funksjonsnedsetting

Behandling

FUNKS - 09/26 Vedtak:

Referatsaker vert tatt til vitende.

09/26 Årsmelding 2025 - Sykkylven kommune

08.06.2026 Rådet for personar med funksjonsnedsetting

Behandling

Felles orientering til Eldrerådet og Rådet for personar med funksjonsnedsetting. Kommunedirektør Torbjørn Emblem orienterte og svara på spørsmål.

Kommunalsjef Linda Nilsen Hovland og kommunalsjef Henning Pilskog svara på spørsmål.

10/26 Informasjon om status innan helseområde - tenester og bygg pr mai 2026

08.06.2026 Rådet for personar med funksjonsnedsetting

Behandling

Felles orientering til Eldrerådet og Rådet for personar med funksjonsnedsetting. Kommunalsjef Henning Pilskog orienterte og svara på spørsmål.

Kommunedirektør Torbjørn Emblem svara på spørsmål.

11/26 Opplæring og bruk av tegnspråk i omsorgstenesta

08.06.2026 Rådet for personar med funksjonsnedsetting

Behandling

Rådet savner en nærmere vurdering av hvordan kommunen vil sikre et likeverdig tilbud for en tegnspråkbruker, foreslått av Audun Gautvik , Brukarorganisasjon

Saka vart endra til politisk sak i møtet, sjå PS 11/26

12/26 Orientering om velferdsteknologi

08.06.2026 Rådet for personar med funksjonsnedsetting

Behandling

Felles orientering til Eldrerådet og Rådet for personar med funksjonsnedsetting. Fagkonsulent i velferdsteknologi Søgner Grøndal orienterte og svarte på spørsmål.

10/26 Tilstandsrapport for grunnskulen 2025/2026

08.06.2026 Rådet for personar med funksjonsnedsetting

Behandling

Sykkylven si målsetjinga om reduksjon i behovet til ITO må ikke gå utover barns rettigheter i CRPD Artikkel 24, foreslått av Audun Gautvik , Brukarorganisasjon

1. Tilstandsrapport for grunnskulen 2025/2026 vert teken til vitande.

2. Følgjande område skal prioriterast det komande skuleåret:

Trygt og godt skulemiljø med låg terskel for tiltaks- og aktivitetsplanar, og styrka samarbeid med føresette og støttetjenester.

Språk- og lesekompetanse med systematisk språkarbeid med leseferdigheiter. Skulane skal ha særleg fokus på å vidareføre arbeidet med tilpassa opplæring i lesing og tilpassa opplæring i norsk som andrespråk. Leseferdigheiter og språkutvikling grip inn i alle fagområda.

Inkluderande praksis og tidleg innsats; kompetanseheving og tverrfagleg oppfølging av elevar med behov for tilrettelegging.

3. Tilstandsrapporten skal leggjast fram for samarbeidsutval/FAU på dei ulike skulane ved oppstart av nytt skuleår.

4. Sykkylven si målsetjinga om reduksjon i behovet til ITO.

Må ikke gå utover barns rettigheter i CRPD Artikkel 24: Alle har rett til å lære og bruke evnene sine.

Alle har rett til å gå på skole, få utdanning og til å lære hele livet. Ingen skal stenges ute fra vanlig utdanning.

Alle barn skal kunne gå på skole og vidaregåande i nærheten av der de bor, uten at det koster noe. De som trenger det, skal få **tilrettelegging** og de **hjelpemidlene** de trenger for å kunne lære. Alle har rett til bøker de kan lese og forstå.

Lærere skal bruke et språk som elevene forstår. De skal vite hvordan de kan hjelpe elever med funksjonsnedsettelse å lære på best mulig måte.

Orientering ved kommunalsjef Linda Nilsen Hovland og rådgjevar oppvekst Kjetil Solem.

Rådet drøfta deretter innspelet frå Audun Gautvik. Samrøystes som kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak med tilleggspunkt:

4. Sykkylven si målsetjinga om reduksjon i behovet til ITO. Må ikke gå utover barns rettigheter i CRPD
Artikkel 24: Alle har rett til å lære og bruke evnene sine.

FUNKS - 10/26 Vedtak:

Rådet si tilråding:

1. Tilstandsrapport for grunnskulen 2025/2026 vert teken til vitande.
2. Følgjande område skal prioriterast det komande skuleåret:
 - Trygt og godt skulemiljø med låg terskel for tiltaks- og aktivitetsplanar, og styrka samarbeid med føresette og støttetjenester.
 - Språk- og lesekompetanse med systematisk språkarbeid med leseferdigheiter. Skulane skal ha særleg fokus på å vidareføre arbeidet med tilpassa opplæring i lesing og tilpassa opplæring i norsk som andrespråk. Leseferdigheiter og språkutvikling grip inn i alle fagområda.
 - Inkluderande praksis og tidleg innsats; kompetanseheving og tverrfagleg oppfølging av elevar med behov for tilrettelegging.
3. Tilstandsrapporten skal leggjast fram for samarbeidsutval/FAU på dei ulike skulane ved oppstart av nytt skuleår.
4. Sykkylven si målsetjinga om reduksjon i behovet til ITO. Må ikke gå utover barns rettigheter i CRPD
Artikkel 24: Alle har rett til å lære og bruke evnene sine.

02/26 Spørsmål til administrasjonen

08.06.2026 Rådet for personar med funksjonsnedsetting

Behandling

Spørsmål innsendt frå Audun Gautvik.

1. Korleis vil ein sjå på universell utforming ved oppgradering av rådhuset?

Eigedomssjef Ronny Utgård svara på spørsmålet.

Ingen ombygging. Det blir gjort overflaterenovering, t.d. måle veggjar, nytt golv.

2. Sykkylven ungdomsskule - ombygging av arbeidsrom/areal - finansiering av tiltaket?

Eigedomssjef Ronny Utgård svara på spørsmålet.

Tilpasse til dagens behov. Ingen ombygging. Overflaterenovering. Teppe (industrietteppe) - akustikk og lunhet, reinhald og ventilasjon blir ivaretatt.

3. Skjenkeløyve - KV 36 Drift - Bankplassen - ønsker presisering av universell utforming

Kommunedirektør Torbjørn Emblem svara på spørsmålet.

Saksgang ved skjenkeløyve: levekårsutvalet og kommunestyret.

Det er heis og HC-toalett i lokalet.

Orienteringar i møtet

Eiegedomssjef Ronny Utgård orienterte kort om

- Dagsenteret i Kyrkjevegen 17
- Kjøkkenet på BUAS
- Avdelingskjøkken BUAS

FUNKS - 02/26 Vedtak:

11/26 Opplæring og bruk av tegnspråk i omsorgstenesta

08.06.2026 Rådet for personar med funksjonsnedsetting

Behandling

RS sak 11/26 vart samrøystes gjort om til PS sak i møtet.

Kommunalsjef Henning Pilskog orienterte og svara på spørsmåla frå Audun Gautvik.

Rådet drøfta deretter innspelet frå Audun Gautvik:

Rådet savner en nærmere vurdering av hvordan kommunen vil sikre et likeverdig tilbud for en tegnspråkbruker. Vurderingen legger stor vekt på nærhet til lokalmiljø og eksisterende nettverk, men drøfter i liten grad betydningen av tilgang til eget språk og et tegnspråklig miljø.

For en døv person kan manglende mulighet til å kommunisere med ansatte og medbeboere føre til sosial isolasjon, selv om tilbudet er geografisk nært. Sosial inkludering handler ikke bare om fysisk nærhet, men også om muligheten til å delta i fellesskapet gjennom et språk man behersker og i et miljø der kommunikasjon skjer på like vilkår.

Norsk tegnspråk er anerkjent og vernet gjennom språkloven. Tegnspråk er mer enn et kommunikasjonsverktøy – det er et språk, en kultur og en viktig del av identiteten til mange døve. Tilhørighet handler derfor ikke bare om geografisk nærhet til hjemstedet, men også om tilgang til et språklig og kulturelt fellesskap.

Mange døve flytter til plasser der andre døve bur og pleie- og omsorgstilbudet er bedre, til dei største byane (Oslo, Bergen og Trondheim).

Språkrådet viser til at tilgang til teiknspråk er en grunnleggjande menneskerett, og at plikten til å verna og fremje norsk teiknspråk (NTS) må sjåast i samanheng med FN-konvensjonen om rettane til menneske med nedsett funksjonsevne (CRPD).

Eldre døve skal kunne delta i samfunnet på lik linje med andre og ha tilgang til informasjon, kommunikasjon og omsorg på et språk dei forstår. Eldre døve mister ikkje behovet for

sitt språk når de blir gamle. Omsorgstenestene bør leggje til rette for at brukarane kan kommunisere på sitt eige språk

Det viktigaste er å la dei døve, som ynskjer det, få tilbod om å bu på same plass og ha sitt eige språkmiljø i lag. Slik hindrar ein sosial isolasjon og språkleg deprivasjon.

Rådet meiner at eit interkommunalt tilbod bør vurderast.

Rådet meiner det er for seint å starte opplæring når behovet for teiknspråk oppstår.

Rådet oppfordrar døve personar om å ta kontakt med tenestekontoret dersom dei har behov for hjelp i nær framtid.

Rådet ønskjer at det vert innhenta erfaringar frå brukarorganisasjonen Norges Døveforbund Møre og Romsdal og Døvekirken i Ålesund og Møre med døveprest (sokneprest) Erlend Lunde for brukarmedverknad.

Rådet drøfta seg fram til eit samrøystes vedtak.

FUNKS - 11/26 Vedtak:

Innspel frå rådet

Rådet meiner at eit interkommunalt tilbod bør vurderast.

Rådet meiner det er for seint å starte opplæring når behovet for teiknspråk oppstår.

Rådet oppfordrar døve personar om å ta kontakt med tenestekontoret dersom dei har behov for hjelp i nær framtid.

Rådet ønskjer at det vert innhenta erfaringar frå brukarorganisasjonen Norges Døveforbund Møre og Romsdal og Døvekirken i Ålesund og Møre med døveprest (sokneprest) Erlend Lunde for brukarmedverknad.